

Møte: FAU

Møtestad: Teams

Møtedato: 15.03.2021

20.00-21.30

Tilstade: Bjørn Halvor, Camilla, Åshild, Marita, Seva Mari, Thorbjørn, Christian Knutsen (gjest og representant for 17 mai komiteen) og rektor Astri

## På sakslista:

### 1) Saker til og frå skulen v/ rektor:

- Rektor informerer om situasjonen rundt at skulane no er på raudt nivå. Det har fungert fint fyrstedagen i dag. Det er fleire elevar i ventekarantene. Dersom dette vert langvarig må ein gje eit alternativt undervisningstilbod til desse. Føresette som vel å ha borna heime av frykt for smitte vil ikkje få eit alternativt skuleopplegg då skulen er open. Situasjonen er usikker og det kan kome endringar i forhold til smittevern-tiltak fortløpande.
- Lars Johannes Liknes er no konstituert rektor for perioden 06.04.21 til 01.08.21. Dei er no i gong med intervju til stillinga.
- Teieplikt: Nokre føresette har meldt ifrå at teieplikta ikkje vert godt nok ivareteken, spesielt i forhold til SFO. Det er meldt rektor og ho tek det vidare med sine tilsette.
- SFO: saknar informasjon ut til føresette om planar for ferie sfo. Rektor tek dette vidare med dei aktuelle.
- Føresette ynskjer tilbakemelding i forkant når det vert lærarskifte i klassetrinn. Kan førebyggje ein del uro. Fleire føresette har meldt dei ynskter tilbakemelding og om at rektor har sagt opp stillinga si.

### 2) 17 mai komiteen:

Christian Knutsen leiar for 17 mai komiteen. Grunna pandemien vert årets 17 mai prega av smittevern-tiltak. 17 mai komiteen drøftar no alternative moglegheiter til årets 17 mai feiring. Komiteen treng skulen, FAU og andre med seg for å få til ei fin feiring for barn og unge dette året og. Rektor melder at leiinga og har meldt at det vil vere behov for alternativ nasjonalfeiring i år.

Oppmodar til at det vert teke opp tilbakemelding om korleis årets 17 mai skal markerast med føresette i kvar klasse no som foreldremøta kjem. Ber og om at det vert teke opp i elevrådet.

Korleis kan 7 klasse tene noko midlar til avslutning? Det er lykkehjulet som vanlegvis er ei inntekts kjelde for 7 klasse. Forslag med Kahoot der nasjonaldagen er hovudtema (siste skuledag før 17 mai). Det kom forslag om at 7 klasse kan lage eit alternativ skriv til alle

elevane som dei kan ta med seg heim med leikar og liknande. Der dei som ynskjer kan vipps ein sum.

Det kjem spørsmål frå 7 klasse om FAU kan dekkje mellomlegget til ein tur til klatreparken som dei gjorde i 2020. FAU har og inntektskjelde 17 mai. FAU er i utgangspunktet positiv til tiltaket men ber om eit meir konkret kostnadsdekking før det vert teke ei avgjerd. Oppmodar føresette og elevane til å vera kreative til alternativ til lykkehjulet.

Marita stiller som kontaktperson mellom FAU og 17 mai komiteen.

**Nytt møte vert avklart mellom FAU leiar og ny konstituert rektor i april.**

Ref : Åshild Håvås